

Møteprotokoll for SVR LVO

Utvalg: Arbeidsutvalget
Møtested: Messe Sira Kvina ved Duge
Dato: 09.05.2012
Tidspunkt: 13:00-14:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Tarald Myrum	leiar	Valle kommune
Jonny Liland	nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	medlem	Suldal kommune
Oddlaug Tjomsland	medlem	Vest- Agder Fylkeskommune
Oddmund Ljosland	medlem	Åseral kommune

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Tarjei Haugen	Forvalter
Alf Odden	Forvalter
Guro Sødergren	Forvalter

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Tarald Myrum

Oddmund Ljosland

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 112/12	Godkjenning av saksliste og innkalling		2003/2670
AU 113/12	Valg av en person til å skrive under møteprotokollen		2003/2670
AU 114/12	02/39- Bjørg Vaage- søknad om riving og bygging av ny hytte i Grytdalen i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde, Sirdal kommune		2012/2020
AU 115/12	10/28- GEIR MAGNE OG HELGA HADLAND-SØKNAD OM BYGGING AV BÅTHUS VED DEGEVATN, SIRDAL KOMMUNE		2012/979
AU 116/12	2/8- Vidar Forgard- Søknad om dispensasjon for bygging av nt utedo i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde		2012/2099
AU 117/12	Høyringsuttale om planendringssøknad. Arealbruksplan for sikringstiltak på Dam Svartevatn i Sirdal kommune. Sira - Kvina kraftselskap		2012/2001
AU 118/12	Søknad om helikoptertransport i samband med vedlikehald og reparasjon av hytter. Svein Eidjord, Åseral kommune		2012/2323
AU 119/12	Søknad om kurs- og treningsamling for fuglehundar. Fosseland Jakt- og hundesenter. Forsand kommune		2012/2275
AU 120/12	Søknad om herlikoptertarnsport		2012/1997
AU 121/12	Søknad om helikoptertransport av kalk		2012/1849
AU 122/12	Søknad om helikopterløyve for å frakte gamal støylsbu		2012/2197
AU 123/12	Søknad om helikopterflyging i samband med befaring. Sira - Kvina kraftselskap, Sirdal og Forsand kommunar		2012/2209
AU 124/12	Søknad om helikopterløyve i samband med villreinjakta 2012. Johan Garvik, Bossbu i Valle kommune		2012/2291
AU 125/12	Søknad om helikoptertransport i villreinjakta 2012. Ole Grande og Lars Lunde, Bossbu i Valle kommune		2012/2220
AU 126/12	Stavanger BASE klubb Kjerag		2012/2183

AU Godkjenning av sakliste og innkalling

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak- 112/12

Vedtak

Sakliste og innkalling ble godkjent.

Vedtaket var samrøystes

AU Valg av en person til å skrive under møteprotokollen

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak 113/12 valg av en person til å skrive under protokollen

Vedtak

Oddmund Ljosland ble valgt til å skrive under møteprotokollen, sammen med styreleiar Tarald Myrum.

Vedtaket var samrøystes

AU 02/39- Bjørg Vaage- søknad om riving og bygging av ny hytte i Grytdalen i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde, Sirdal kommune

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak 114/12- riving og flytting av hytte i Grytdalen, Sirdal kommune.

Handsaming i møtet

Styret drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I henhold av forskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde kapittel IV punkt 1.3 b, gis Bjørg Vaage dispensasjon for riving av en gammel hytte og oppføring av ny fritidsbolig på sin eiendom, gnr. 02 bnr. 39 , i Grytdalen i Sirdal kommune.

Tillatelsen gis på følgende vilkår:

- Det må innhentes nødvendig byggetillatelse fra Sirdal kommune.
- Byggetiltaket skal utføres i tråd med "Retningslinjer for byggetiltak innenfor sone fire i Grytdalen hytteområde", utarbeidet av Sirdal kommune.
- Rivingsvirke skal transporteres til godkjent mottak.
- Byggetiltak skal være gjennomført 1.mai 2015
- Eventuell motorferdsel i forbindelse med arbeidet må søkes om.

Vedtaket var samrøystes.

AU 10/28- GEIR MAGNE OG HELGA HADLAND- SØKNAD OM BYGGING AV BÅTHUS VED DEGEVATN, SIRDAL KOMMUNE

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak 115/12- bygging av båthus ved Degevass, Sirdal kommune.

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I henhold av forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene landskapsvernområde kapittel IV punkt 1.3 b gis Helga og Geir Magne Hadland tillatelse til bygging av nytt båthus ved Degevatn.

Tillatelsen gis på følgende vilkår:

- Det må innhentes nødvendig byggetillatelse fra Sirdal kommune.
- Byggetiltak skal være gjennomført 1.oktober 2013.
- Eventuell motorferdsel i forbindelse med arbeidet må søkes om.

Vedtaket var samrøystes.

AU 2/8- Vidar Forgard- Søknad om dispensasjon for bygging av nt utedo i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene landskapsvernområde

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak- 116/12- bygging av utedo i Åseral kommune.

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I henhold av forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene landskapsvernområde kapittel IV punkt 1.3 c gis Vidar Forgard tillatelse til bygging av ny utedo i Åseral kommune.

Tillatelsen gis på følgende vilkår:

- Det må innhentes nødvendig byggetillatelse fra Åseral kommune.
- Byggetiltak skal være gjennomført 1.oktober 2013.
- Eventuell motorferdsel i forbindelse med arbeidet må søkes om.

AU Høyringsuttale om planendringssøknad. Arealbruksplan for sikringstiltak på Dam Svartevatn i Sirdal kommune. Sira - Kvina kraftselskap

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak-117/12

Handsaming i møtet

Styret drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet for SVR har vurdert søknaden frå Sira -Kvina kraftselskap, datert 1.3.2011, om endring av arealbruksplanen for sikringstiltak på Dam Svartevatn inne i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Så langt vi kan sjå vil ikkje tiltaket ha nemneverdige konsekvensar for verneverdiane i SVR og heller ikkje vere i strid med verneformålet. Tiltaket er av vesentleg interesse for samfunnet og det må difor vere rom for at tiltaket vert gjennomført – jf. § 48 i Naturmangfaldlova.

Arbeidsutvalet har ingen vesentlege merknader til søknaden om utviding av eksisterande steinbrot i Svartevassdammen og søknaden om utviding av anleggsarbeidet til arbeidssesongen 2014.

Av omsyn til villreinen i området vil vi be om at arbeidet vert avslutta 1. oktober kvart år.

Vedtaket var samrøystes.

AU Søknad om helikoptertransport i samband med vedlikehald og reparasjon av hytter. Svein Eidjord, Åseral kommune

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak- 118/12

Handsaming i møtet

Styret drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

AU ber om at det vert gjennomført ei synfaring på hyttene for å dokumentere reparasjonar som er gjort og det vedlikehaldsarbeidet som står att. Tidspunkt for synfaring vert avtalt med søkjar.

Søknaden vert utsett til synfaringa er gjennomført.

Vedtaket var samrøystes.

AU Søknad om kurs- og treningssamling for fuglehundar. Fosseland Jakt- og hundesenter. Forsand kommune

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak -119/12

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I medhald av kapittel IV, punkt 4.1 i forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Fosseland Jakt- og hundesenter dispensasjon frå verneforskrifta for å drive kurs- og treningssamling for fuglehundar i Grauthellerterrenget i perioden 10.- 20. august 2012 og 2013.

Kurset må gjennomførast etter dei retningslinjene og innafør det terrenget som er beskriva i søknaden. Kurshaldarane må ta omsyn til viltet i området.

Vedtaket var samrøystes.

AU Søknad om helikoptertarnsport

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak-120/12

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ein merknad.

Forslag til vedtak

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Strand sankelag løyve til å bruke helikopter til transport av materialar og utstyr i samband med vedlikehaldsarbeid på den gamle turisthytta i Litle Aurådalen i Bykle kommune. Løyvet gjeld og uttransport av materialar og utstyr etter at vedlikehaldsarbeidet er ferdig.

Transportane skal starte ved dammen på Svartevatn og må gjennomførast i august 2012.

Rapport om transportane skal leverast inn på eige skjema. Skjemaet må sendast til Forvaltingssekretariatet for SVR, 4747 Valle seinast 1. desember 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Vedtak

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Strand sankelag løyve til å bruke helikopter til transport av materialar og utstyr i samband med vedlikehaldsarbeid på den gamle turisthytta i Litle Aurådalen i Bykle kommune. Løyvet gjeld og uttransport av materialar og utstyr etter at vedlikehaldsarbeidet er ferdig.

Transportane skal starte ved dammen på Svartevatn og må gjennomførast i august 2012.

Rapport om transportane skal leverast inn på eige skjema. Skjemaet må sendast til Forvaltingssekretariatet for SVR, 4747 Valle seinast 1. desember 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Forvaltingssekretariatet får fullmakt til å sette ei øvre grense for antall turer innanfor ei ramme for fem turer.

Vedtaket var samrøystes.

AU Søknad om helikoptertransport av kalk

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak 121-12

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav a i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får VAFA løyve til å bruke helikopter til transport av kalksteinmjøl til Knutstjønn, Nedre Krokvatn og Svarvartjønn i juni 2012 og 2013.

I tillegg får dei løyve til å bruke helikopter til transport av skjellsand til Store og Lisle Sandvatn, Tjønnebekken, Augundtjønn, Kolsvatn, Knutstjønn og Store Kråketjønn i juli – august dei same to åra.

Transportane har ulike startpunkt, alle merkte av på kart vedlagt søknaden. Alle vatna ligg i Valle kommune.

Transportane må vere gjennomførde seinast 10. august kvart år.

Rapport om transportane skal leverast inn på eige skjema. Skjemaet må sendast til Forvaltingssekretariatet for SVR, 4747 Valle seinast 1. desember kvart år.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Vedtaket var samrøystes.

AU Søknad om helikopterløyve for å frakte gamal støylsbu

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak- 122/12

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Bjørgulv N Berg løyve til å bruke helikopter til transport av materialar i samband med flytting av ei gamal bu til Urevassstøylen på gnr. 64, bnr. 1 i Valle kommune.

Transporten skal starte ved Myklevatn. Løyvet gjeld for inntil to transportar. Transportane må gjennomførast før 10. august 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Vedtaket var samrøystes.

AU Søknad om helikopterflyging i samband med befaring. Sira - Kvina kraftselskap, Sirdal og Forsand kommunar

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak-123/12

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Sira – Kvina kraftselskap løyve til å bruke helikopter til synfaring i samband med planlegging av overføringsanlegg frå Lysedalen til Sira.

Løyvet gjeld for ei helikopterflyging i mai 2012 i området ved Dyngjanvatn og Salomonsvatn i Sirdal kommune og Raudberg og Ramsdalane i Forsand kommune.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Vedtaket var samrøystes.

AU Søknad om helikopterløyve i samband med villreinjakta 2012. Johan Garvik, Bossbu i Valle kommune

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak124/12

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Johan Garvik løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og utstyr til Bossbu under villreinjakta 2012.

Løyvet gjeld for inntil to transportar. Transportane må gjennomførast i tidsromet 20.08. til 30.09. 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Vedtaket var samrøystes.

AU Søknad om helikoptertransport i villreinjakta 2012. Ole Grande og Lars Lunde, Bossbu i Valle kommune

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak- 125/12

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Ole Grande og Lars Lunde løyve til å bruke helikopter til transport av proviant og utstyr til Bossbu under villreinjakta 2012.

Løyvet gjeld for inntil to transportar. Transportane må gjennomførast i tidsromet 20.08. til 30.09. 2012.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Vedtaket var samrøystes.

AU Stavanger BASE klubb Kjerag

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 09.05.2012

AU sak- 126/12

Handsaming i møtet

AU drøfta forslaget til vedtak og hadde ingen merknader.

Forslag til vedtak

I medhald av §48 i Naturmangfaldslova får Stavanger B.A.S.E. Klubb løyve til å bruke helikopter til transport av folk og utstyr i samband med arrangementet "Kjeragboogie".

Løyvet gjeld for tidsrommet 20-23.06.2012, og det blir ikkje sett ei øvre grense for talet på transportar.

Transportane skal gå føre seg mellom dei tre landingspunkta Lysebotn, Kjerag og Geitaneset og følgje flygeruter som søkjaren sjølv har teikna inn på kart.

Løyvehavar må levere rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningsmyndigheita innan 01.12.2012

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Vedtaket var samrøystes.